

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 14.12.2023

**Vår ref.:** 202117584-6 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Høyring - fast manøvreringsreglement for Sæbyggjeåi, Gausbu kraftverk, Tokke kommune**

**NVE har motteke nytt kunnskapsgrunnlag til vår behandling av endeleg manøvreringsreglement for minstevassføringsslepp i Sæbyggjeåi, Gausbu kraftverk. Fagrapportane blir nå sende på høyring, med høyringsfrist 19. mars 2024.**

### **Bakgrunn**

Skafså kraftverk ANS fekk ved kgl.res. av 9.09.1994 konsesjon til bygging av Gausbu kraftverk. Kraftverket vart sett i drift i 1996. Konsesjon vart gitt med eit prøvereglement på 5 år for minstevassføringsslepp i Sæbyggjeåi, mellom dam Borsæ og Gausbuvatn. Prøveperioden gjekk ut ved utgangen av 2001. Skafså kraftverk ANS søkte 29.11.2002 om endeleg manøvreringsreglement, og NVE sende vår innstilling med anbefalingar om vasslepp til OED 15.02.2007. Sidan den gong har kunnskapsgrunnlaget vorte oppdatert med to rapportar, der det er gjort vurderingar av ulike minstevassføringsslepp i Sæbyggjeåi. NVE er difor bede om å gje ei ny og oppdatert innstilling til OED.

### Minstevassføringsslepp frå Borsæ

Frå prøvereglementet i konsesjon av 9.09.1994:

- 1.05–30.09: 1,5 m<sup>3</sup>/s.
- 1.10–30.04: 0,5 m<sup>3</sup>/s.

Foreslått i søknad fra Skafså Kraftverk ANS av 29.11.2002:

- 1.11–31.05: 0,4 m<sup>3</sup>/s.
- 1.06–31.10: 0,8 m<sup>3</sup>/s.
- 2. og 4. helg i oktober: Lokkeflaumar på 2 m<sup>3</sup>/s i 2 døgn, samtidig som Gausbu kraftverk står.
- Når det er meir enn 3 år sidan vassføringa vart større enn 10 m<sup>3</sup>/s ut av Borsæ, skal det førstkommande vår før snøsmeltinga bli slept ein vassføring med full lukeopning i tappeluka i Borsædammen i 2 døgn.

Foreslått i NVEs innstilling av 15.02.2007:

- 1.11–15.5: 0,8 m<sup>3</sup>/s.
- 16.05–31.10: 1,0 m<sup>3</sup>/s.



- Frå midt i oktober, med 14 dagar mellomrom, skal det bli slept 2 m<sup>3</sup>/s i 2 døgn i Sæbyggjeåi, samtidig med at Gausbu kraftverk står.
- Når det er meir enn 3 år sidan vassføringa var større enn 20 m<sup>3</sup>/s ut av Borsæ, skal det førstkommande vår sleppast ei vassføring på minimum 20 m<sup>3</sup>/s i tappeluka i Borsædammen i eit døgn.

### **Her finn du aktuelle dokument**

Fagrapportane er tilgjengeleg her: [www.nve.no/8836/V](http://www.nve.no/8836/V)

Søknad frå 2002 og NVEs innstilling frå 2007 er tilgjengeleg her: [www.nve.no/4188/V](http://www.nve.no/4188/V)

### **Innsending av høyringsfråsegn**

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få inn innspel på nytt kunnskapsgrunnlag, og innspel som kan være viktig i vår vurdering av endeleg fastsett minstevassføring i Sæbyggjeåi.

Alle som har meiningar om saka, kan senda uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på nettsida i saka [www.nve.no/8836/V](http://www.nve.no/8836/V)
- via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) (merk e-post med «Fråsegn» og saksnummer 202117584 i emnefeltet, og gi opp namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

### **Frist for å send fråsegner er 19. mars 2024.**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Fråsegner er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVEs internettsider.

Med helsing

Ingrid Haug  
seniorrådgivar

Anne Karine Herland  
seniorrådgivar

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

**Mottakarliste:**

Tokke Turlag - Hilde Rinden  
Arne Johannesen  
Norges Jeger- og Fiskerforbund  
Norsk Ornitologisk Forening Avd Telemark  
Norges Bondelag  
MILJØDIREKTORATET  
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold  
WWF Norge AS  
TOKKE KOMMUNE  
Tokke Jeger og Fiskerforening  
Forum for Natur og Friluftsliv Telemark  
NJFF – Telemark  
Telemark Turistforening  
Naturvernforbundet i Telemark  
Telemark jeger- og fiskerforening  
Norsk Friluftsliv  
Naturvernforbundet  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK  
Vestfold og Telemark fylkeskommune  
TELEMARK NETT AS  
DNT Telemark

**Kopimottakarliste:**

SKAFSÅ KRAFTVERK ANS